



Kinn kommune

*Folkehelseavdelinga - eit interkommunalt samarbeid
Askvoll ◦ Bremanger ◦ Fjaler ◦ Hyllestad ◦ Høyanger
Kinn ◦ Solund ◦ Stryn ◦ Sunnfjord*

Årsrapport for Folkehelseavdelinga 2024

Innhold

1.	Innleiing	3
2.	Organisasjonskart Kinn kommune	4
3.	Økonomi.....	5
4.	Kostnadsfordeling	6
5.	Kompetanse	6
6.	Miljøretta helsevern.....	7
6.1	Skular og barnehagar.....	7
6.2	Inneklima.....	8
6.3	Hud- og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering.....	8
6.4	Badeanlegg, boblebad og badstu	8
6.5	Radon	8
6.6	Asylmottak	8
6.7	Forureining- og støy.....	9
6.8	Solarier	9
6.9	Kjøletårn etc, legionella	10
6.10	Campingplassar	10
6.11	Treningssenter/treningsstudio.....	10
7.	Smittevern	10
7.1	Tuberkulosekontrollprogram.....	10
7.2	Smittevern- og pandemiplan	10
8.	Folkehelse/samfunnsmedisin.....	11
9.	Plan for 2024	12

1. Innleiing

Føremålet med folkehelselova er å bidra til ei samfunnsutvikling som fremjar folkehelse og utjamnar sosiale helseforskjellar. Folkehelsearbeidet skal fremje befolkninga si helse, trivsel, gode sosiale og miljømessige forhold og bidra til å førebygge psykisk og somatisk sjukdom, skade eller liding. Lova skal sikre at kommunar, fylkeskommunar og statlege helsemynde set i verk tiltak og samordnar si verksemd i folkehelsearbeidet på ein forsvarleg måte. Lova skal legge til rette for eit langsiktig og systematisk folkehelsearbeid.

Flora kommune (Kinn kommune frå 01.01.20) har frå 01.01.13 vore vertskommune for eit interkommunalt samarbeid om miljøretta helsevern, smittevern og samfunnsmedisinsk rådgjeving/folkehelse. Arbeidet vert utført av Folkehelseavdelinga i kommunedirektøren sin stab og har kontorplass i Florø.

Det geografiske nedslagsfeltet for avdelinga er om lag som ved oppstart og gjeld 61000 innbyggjarar.

Folkehelseavdelinga og Kinn kommune vil takke for godt samarbeid i 2024.


Florø 06.03. 2025

Elisabeth Solheim
Leiar Folkehelseavdelinga

2. Organisasjonskart Kinn kommune

Folkehelseavdelinga er organisert i Strategi og samordning i kommunedirektøren sin stab.

Administrativ organisering



3. Økonomi

I tabellen viser vi årsresultat for avdelinga for 2024 som viser eit underskot på kr.243034. Dette vert dekkja inn av fondsmidlar. Under post 17501 ligg òg Kinn kommune sin andel på kr 833089.

10101	Fastløn	2 651 269	2 819 400
10109	Km-godtgjering - grunnlag skatt	633	0
10500	Anna løn og trekkpliktige godtgjeringar (tillitsvalgt, tolketj., omsorgsl. mm)	1 524	0
10507	Grunnlag skattetrekk telefon og parkering (har motpost 10509)	4 392	0
10509	Motpost grunnlag skattetrekk telefon og parkering (motpost til 10507)	-4 392	0
10902	Pensjonsutgifter KLP	598 436	418 000
10907	Kollektiv ulykkes-/gruppelivsforsikring	1 425	0
10990	Arbeidsgiveravgift	408 197	454 220
10992	Arbeidsgiveravgift ekstrasats	21 195	0
11001	Abonnement og faglitteratur	6 916	10 000
11151	Beverting eigne tilsette og møter(uten mva)	588	0
11201	Anna forbruksmateriell, råvarer og tenester	0	10 000
11205	Velferdstiltak tilsette/brukarar og gaver tilsette	7 000	0
11209	Hotellopphald tenestereise (utanom kurs og opplæring)	25 454	20 000
11303	Telefonutgifter	1 099	0
11501	Opplæringstiltak tilsette	0	49 999
11502	Reiseutgifter og opphold ved kurs/opplæring (ikkje oppgavepl.) (ikkje tj.reise)	0	50 000
11601	Køregodtgjering tenestereiser (oppg.pl.)	1 782	0
11603	Diettgodtgjøreelse/nattilegg tenestereiser (oppg.pl.)	3 736	10 000
11700	Transporttenester frå andre	4 040	0
11704	Drivstoff / olje transportmidlar	340	0
11707	Transport ekskursjoner, teater o.a.	1 000	0
11709	Reiseutgifter tenestereise (ikkje hotellopph. mv.)	33 788	20 000
11852	Yrkesskadeforsikring	1 656	0
11952	Kontingenter	3 024	0
12000	Inventar og utstyr	0	10 000
12001	IKT-utstyr	16 157	0
12101	Leige, operasjonell leasing/kjøp av transportmidlar	6 441	0
12402	Service-/support-/driftsavtale It-utstyr og programvare	9 357	108 000
13701	Kjøp av tenester frå private (erst. eigenprod.)	402 339	482 201
14291	Merverdiavgift med rett til kompensasjon	13 539	0
17100	Sjukelønsrefusjon	27 629	0
17101	Refusjon fødselspermisjon	-436 696	0
17291	Kompensasjon for mva	-13 539	0
17301	Refusjon frå fylkeskommuner	-22 481	0
17501	Refusjon frå andre kommuner, inkl Kinn	-3 532 811	-3 982 202
	Summert	243 034	
19500	Bruk av bunde driftsfond	-243 034	0

4. Kostnadsfordeling

Kostnadsfordelinga har vore uendra sidan 2020.

Refusjonskravet bygger på budsjett vedteke i Kinn kommune på bakgrunn av semje i kommunedirektørutvalet mellom deltakarkommunane. Bruttobudsjett er berekna til årleg kr. 3.500.000. Dette gav ei slik fordeling av utgiftene for 2024.

For 2025 vil bruttobudsjett bli på kr 3.500.000 pluss deflator. I 2025 vil det bli drøfting om auka rammer til avdelinga.

2024

Kommune	Folketal Per.1 kvartal 2024	30% fordelt likt mellom kommunane	70% etter folketal	Totalt
4602 Kinn	17400	116667	683611	800278
4637 Hyllestad	1266	116667	49739	166405
4638 Høyanger	3883	116667	152555	269222
4645 Askvoll	2970	116667	116685	233352
4646 Fjaler	2878	116667	113071	229738
4647 Sunnfjord	22536	116667	885394	1002061
4648 Bremanger	3382	116667	132872	249539
4636 Solund	742	116667	29152	145818
4641 Stryn	7303	116667	286920	403587
	62360	1050000	2450000	3500000

Kostnadsfordeling per 2025 inkl deflator 4,1 %				
Kommune	Folketal Per.1 kvartal 2024	30% fordelt likt mellom kommunane	70% etter folketal	Totalt
4602 Kinn	17400	116667	683611	833089
4637 Hyllestad	1266	116667	49739	173228
4638 Høyanger	3883	116667	152555	280260
4645 Askvoll	2970	116667	116685	242919
4646 Fjaler	2878	116667	113071	239157
4647 Sunnfjord	22536	116667	885394	1043146
4648 Bremanger	3382	116667	132872	259770
4636 Solund	742	116667	29152	151797
4641 Stryn	7303	116667	286920	420134
	62360	1050000	2450000	3643500

5. Kompetanse

Avdelinga har 2,7 årsverk. Det vart tilsett ein sjukepleiar med mastergrad i 80 % stilling i februar. I tillegg har avdelinga ein sjukepleiar med to vidareutdanningar og mastergrad i sjukepleie.

Avdelinga har tre legar i avdelinga som alle vil fullføre si vidareutdanning i samfunnsmedisin i løpet av 2025. Avdelinga har òg ein lege som er spesialist i allmennmedisin og samfunnsmedisin, og er kommuneoverlege i Kinn kommune.

Vi ser styrken i å ha fleire personar med ulike kompetanse, dette styrker fagmiljøet. Det er òg ein fordel at tilsette har andre kommunale stillingar. Vi vurderer at samansettinga i avdelinga dekkjer det nødvendige innanfor vårt ansvarsområde.

6. Miljøretta helsevern

Miljøretta helsevern omfattar dei faktorar i miljøet som til ei kvar tid direkte eller indirekte kan ha innverknad på helse. Desse omfattar mellom anna biologiske, kjemiske, fysiske og sosiale miljøfaktorar. Folkehelseavdelinga har delegert mynde til å føre tilsyn og fatte vedtak om retting etter ei rekke føreskrifter. Dette gjeld både private og offentlege verksemdar og omfattar støy, inneklima, luftkvalitet, stråling, forureining samt førebygging av ulukker og skader. I tillegg til sakshandsaming av enkeltsaker arbeider vi med informasjon og rådgjeving knytt til alle felt innan miljøretta helsevern.

Folkehelseavdelinga har i 2024 saksbehandla kommunedelplanar og fleire reguleringsplanar. Avdelinga har òg delteke i møter kor plansaker vert diskutert og behandla. Det er enkelte kommunar som nyttar seg meir av vår kompetanse enn andre. Vi har utfordra kommunane til å invitere oss inn til faste møter for å bli tidleg orientert og involvert i saksbehandling i planoppstartsfasen. Dette har òg vore tema på kommunedirektørmøta. Frå 2025 har tilsette i avdelinga fått eit meiransvar for enkeltkommunar. 3-4 gonger i året vil vi ta direkte kontakt med kommunane for å få informasjon om planer og pågåande saker. Vi ønskjer med dette å vere tettare på samarbeidskommunane, bli tidleg involvert i planer og pågåande saker og bidra med vår kompetanse.

I 2024 har vi behandla 16 plansaker, ein planstrategi og ein samfunnsplan. Vi har gjeve uttale i planar i Askvoll, Solund, Sunnfjord, Fjaler, Bremanger, Stryn og Kinn kommune.

Avdelinga har over år sett eit auka behov for å ha eit system for oversikt over alle einingane og sakene vi behandlar i dei ulike kommunane. I 2014 nytta vi egne ressursar og laga eitt nettbasert system som har fungert ok. Dette er no utdatert og vi har difor vurdert ulike alternative løysingar, m.a. innkjøp av system frå private aktørar. Årleg kostnad med slike system er forholdsvis høge, og vi har difor landa på å nytte IMATIS, eit system som allereie er i bruk i Kinn kommune. Med lokale tilpassingar og ved bruk av egne tilsette har vi lagt inn alle verksemdene og pågåande saker. Dette gjev oss ei god oversikt og kvalitetssikrar vidare oppfølging.

6.1 Skular og barnehagar

Folkehelseavdelinga har gjennomført tilsyn i Høyanger kommune, ein vidaregåande skule i Sunnfjord og to einingar i Kinn kommune. Med det har vi fullført tre tilsynsrundar i alle kommunane sidan 2013.

Vi planlegg å oppretthalde frekvensen med tilsyn kvart fjerde år då vi ser det er behov for kunnskap på fagfeltet. Det vil òg alltid vere ei viss utskifting av leiarar og tilsette som treng informasjon. På denne måten ønskjer vi å bidra med vår kunnskap slik at krava i føreskrifta vert stetta. Vi ønskjer likevel å dreie innhaldet i tilsyna mot utvalde tema. I 2025 startar vi opp tilsyn i Kinn kommune og vil ha eit særskilt fokus på skjermbruk, søvn og fysisk aktivitet. Det er utarbeidd eige spørreskjema, og vi vil følgje opp tilsynet med fagdagar for tilsette i etterkant av tilsyna. Erfaringar frå arbeidet vert vidareutvikla og nytta i framtidige tilsyn.

Folkehelseavdelinga vert godt mottekne på tilsyns- og godkjenningsrundane, men òg ved andre høve. Vi vert meir nytta når det gjeld plangodkjenningar av nybygg og rehabilitering. I 2024 har vi behandla fleire søknader om nybygg/rehabilitering av skule/barnehagar i ulike kommunar.

6.2 Inneklima

Avdelinga gjev råd og rettleiing om innemiljøproblem knytt til fukt, varme, ventilasjon, lysforhold og materialbruk. Vi har tilsyn med røykebestemmelsar i bygg og serveringsstader som er offentleg tilgjengeleg. Inneklima har stor merksemd i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar, og utfordringar kjem ofte fram i samband med desse tilsyna. Avdelinga tilbyr inneklimamålingar og har apparat som kommunane kan låne. Vi tilbyr òg lysmåling. Fleire kommunar har nytta CO2 målarane og fått rettleiing i bruk og på tiltak.

6.3 Hud- og fotpleie, frisør, holtaking, piercing og tatovering

Kartlegging og oppfølging av verksemdar som driv med holtaking/piercing, tatovering, hud og fotpleie, frisørar, samt solarier er eit kontinuerleg arbeid. Folkehelseavdelinga har per i dag oversikt over verksemdene som er omfatta av føreskrifta.

Vi har behandla fleire søknader og meldingar i 2024. Det er gjort tilsyn og godkjendte ei ny tatoveringsverksemd i 2024.

6.4 Badeanlegg, boblebad og badstu

Kravet om tilfredsstillande helsemessige og hygieniske forhold er heimla i Folkehelselova / LOV 2011-06-24 nr.29 og i Forskrift for badeanlegg, bassengbad og badstu m.v / FOR 1996-06-13nr.592. Dette gjeld verksemdar eller anlegg som er opne for offentlegheit og/eller utleige. Føreskrifta gjeld òg badstu/sauna sjølv om den ikkje er knytt til badeanlegg eller bassengbad.

Vi har informert fleire verksemdar om meldeplikt ved drift av badstu, samt behandla fleire meldingar. Vi har òg behandla ei melding om fleirbrukshall/svømmehall.

Avdelinga har rådgjeve ein kommune i samband med prøvetaking av badevatn/badeplassar.

6.5 Radon

Avdelinga har gjeve informasjon og rettleiing i høve måling av radon og handtering av radonutfordringar i enkeltkommunar. Vi har òg nokre henvendelsar frå private.

Avdelinga har følgd opp arbeidet med skular og barnehagar si dokumentasjonsplikt i høve radonnivået som ein del av godkjenninga etter føreskrift om miljøretta helsevern. Dei einingane som ikkje har slik dokumentasjon har fått pålegg om å måle radon.

Radonførekomsten er generelt liten i vårt område, men nokre kommunar og områder har utfordringar der avbøtande tiltak må setjast i verk.

6.6 Asylmottak

Asylmottak er meldepliktige verksemdar etter føreskrift om miljøretta helsevern.

Det er eitt asylmottak i vårt nedslagfelt, dette ligg i Florø.

6.7 Forureining- og støy.

Folkehelseavdelinga bidreg med råd, rettleiing og eventuelle vedtak om retting vedrørende bygge- og anleggsstøy, støy frå tekniske installasjonar, bedrifter/industri, flystøy, fritids- og underholdningsstøy mm.

Støysaker er saker som har eit potensiale til å utvikle seg til konflikhtar mellom ulike interessegrupper og gjerne med store konsekvensar og kostnader for kommunen, bedrifter eller einskildpartar. Tidleg informasjon og rettleiing i desse sakene vil styrke kommunen si saksbehandling og er heimla som eit lovkrav. Difor ynskjer avdelinga å koplaster på tidleg i plansaker der støy og anna forureining kan verte ei utfordring.

Vi har i 2024 gjeve uttale på ulike planar der førebygging av støy har stort fokus. Kommunane nyttar i større grad vår kompetanse i plansaker der mogleg helsepåverknad kan vere aktuelt.

Vi har behandla fleire klagesaker. Henvendelsar kjem frå innbyggjarar som klagar på støy og problemstillingane er gjerne knytt til bustader som ligg nær næringsverksemd, utestader, hamner og industri. Støysaker er krevjande saker som tek lang tid og der det ofte er vanskeleg å komme til gode løysingar. Det er difor viktig å gjere gode vurderingar tidleg og i samband med plansøknadene.

Forureining

Folkehelseavdelinga er delegert mynde etter delar av lov om forureining og om avfall. Vi kan føre tilsyn med verksemdar og gjev råd og rettleiing knytt til helserisikovurdering i høve:

- Drikkevassanlegg, kvalitet på badevatn, samt forhold i samband med utslepp og forureining av vatn og vassdrag
- Skadedyrkontroll
- Overvaking og målerapportering av helse- og miljøskadelege gassar og svevestøv.
- Informasjon, råd og rettleiing om grenseverdiar, problemområder, status, planar og utvikling for luftkvalitet.
- Hygieniske forhold ved dyrehald i tettbygda strøk
- Hygieniske forhold i samband med renovasjon og avfallshandtering, kontroll med forsøpling bl.a. bilvrak.

I tillegg kartlegging av forureining i jord og byggegrunn, behandling av tiltaksplanar ved terrenginngrep på forureina grunn i henhold til Forureiningsføreskrifta kapittel 2.

I 2024 har Folkehelseavdelinga vore lite involvert i saker knytta til skadedyrførebygging og bekjemping.

6.8 Solarier

Solarieverksemdar er meldepliktige og Folkehelseavdelinga har oversikt over selsenter og verksemdar som tilbyr solarium.

Folkehelseavdelinga vidareformidlar informasjon frå Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet DSA (tidlegare Statens strålevern), og følg opp tilsynskampanjar som vert initiert av dei. Vi erfarer at det er lite nyetablering av solstudio, trenden går meir mot nedlegging og avvikling av eskisterande verksemdar.

6.9 Kjøletårn etc, legionella

Folkehelseavdelinga har ansvar for å halde oversikt og innhente opplysningar om alle meldepliktige verksemder i vårt område. Dette gjeld verksemder som direkte eller indirekte kan spreie legionellaforureina aerosol til omgjevnadane, utandørs eller innandørs etter "Forskrift om miljørettet helsevern". Folkehelseinstituttet har frå 01.01.24 overteke ansvaret for rettleiing i høve legionella. <https://www.fhi.no/ss/veiledere/legionellaveilederen/?term=> Det er gjort ei kartlegging av alle aktuelle verksemder og fulgt opp med informasjon om meldeplikt og krav om sertifisering hos eit akkreditert tilsynsorgan. Legionellaførebygging er tema på tilsyna i skular og barnehagar.

6.10 Campingplassar

Campingplassar, vandreheimar og andre liknande verksemder som tilbyr overnatting har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Folkehelseavdelinga har frå tidlegare oversikt over verksemder i alle kommunane.

Vi gjorde tilsyn på fleire campingplassar i Stryn sommaren 2024

6.11 Treningssenter/treningsstudio

Treningssenter har meldeplikt til kommunen etter føreskrift om miljøretta helsevern. Det har ikkje vore tilsyn på treningssenter i 2024.

7. Smittevern

Folkehelseavdelinga har ansvar for å hjelpe kommunane med det overordna smittevernarbeidet, rettleiing og informasjon i arbeidet med planar og rutiner. Avdelinga har sidan oppstart hatt fokus på dei daglege smittevernrutinane i arbeidet med tilsyn- og godkjenning av skular og barnehagar. Informasjon og rettleiing om generell smitteførebygging har vore vektlagt. Vi erfarer at tilsette og foreldre har blitt betre på handvaskrutinar og fleire barnehageleiarar melder om færre sjukdomsutbrot enn tidlegare.

7.1 Tuberkulosekontrollprogram

I 2022-2023 har straumen av flyktningar frå Ukraina ført til at Folkehelseinstituttet har endra på retningslinjene for kontrollprogrammet for tuberkulose i kommunane. Malen for tuberkulosekontroll er revidert i 2024 og er publisert på vår nettside [Tuberkulose - Folkehelseavdelinga](#), det vert årleg revidering av malen. Tuberkulosekontrollprogrammet blir ved behov gjennomgått med den einskilte kommune.

7.2 Smittevern- og pandemiplan

Folkehelseavdelinga er tilgjengeleg for å rettleie kommunane om plan for smittevern og pandemi. Vi ser det hensiktsmessig at planane heng saman med kvar enkelt kommune, omliggande kommunar og Helse Førde sine samla beredskapsplanar.

Folkehelseavdelinga har utarbeidd ein mal for kommunal smittevernplan som sist var oppdatert i 2019. Det vart i 2024 laga ein ny mal for både smittevern- og pandemiplan, som vil bli revidert årleg. Malen ligg på Folkehelseavdelinga si heimeside [Smittevern - Folkehelseavdelinga](#). Folkehelseavdelinga har bistått med rådgjeving knytt til utarbeiding av pandemiplan i ein kommune.

8. Folkehelse/samfunnsmedisin

Folkehelseavdelinga skal hjelpe kommunane med arbeid på områder som kommunane prioriterer for felles satsing innan folkehelse/samfunnsmedisinsk rådgjeving. Det kan innebere hjelp til å sette felles utfordringar på dagsorden og hjelpe kommunane med tiltak knytt til dette. Det kan t.d. skje ved informasjon/kurs om ulike folkehelsetiltak. Hjelp til arbeid med folkehelseoversikt og påverknadsfaktorar er eit anna viktig satsingsområde. Arbeidet må knytast opp til kommunane sine overordna planer og prosedyrar.

Folkehelseavdelinga er bedne om å ta eit særskilt ansvar for arbeidet med felles mal for folkehelseoversiktdokumentet. Malen, som vart ferdigstilt i 2015, er revidert fleire gonger. Det vart starta opp ny revidering desember 2024 som vert ferdigstilt i 2025.

Malen er delt i felles kanal på Teams og gjort tilgjengeleg på [Folkehelseavdelinga.no](https://folkehelseavdelinga.no). Kinn kommune har valt å nytte Framsikt som presentasjonsplattform framsikt.kinn/samfunnsdelen. Dei fleste samarbeidskommunane nyttar no Framsikt, men malen vil likevel bli tilgjengeleg i eit format som alle kommunane kan nytte seg av.

Folkehelsekoordinatorar/rådgjevarar i samarbeidskommunane ønskjer å vidareutvikle arbeidet med folkehelseoversiktdokumentet, spesielt sjå på moglege løysingar for betre implementering av strategiske folkehelsetiltak i samfunnsplanlegginga. Det har ikkje vore arbeidd med dette i 2024.

Kinn kommune er godkjend utdanningsverksemd for spesialisering av legar i samfunnsmedisin. Folkehelseavdelinga er ein viktig arena for denne utdanninga og bidreg med rekruttering av fleire samfunnsmedisinarar. Grunna stor utskifting av personale siste to år har avdelinga brukt mykje tid på kunnskapsheving og opplæring.

Felles kommunedirektørmøter er viktige arena for diskusjon om framdrift og satsingsområder i avdelinga og korleis arbeidet skal implementerast i kommunane. Det vart gjennomført to møter i 2024. Folkehelseavdelinga ynskjer òg faste, årlege møter med leiargruppa ute i kommunane.

9. Plan for 2025

- Avdelinga skal starte ny tilsynsrunde i Kinn kommune.
- Ajourføre og følgje opp avvik på skule og barnehagar.
- Tilby/ gjennomføre fag-/temadagar i kommunane som ei oppfølging av tilsyna på skular/barnehagar.
- Gjennomføre tilsyn på utvalde campingplassar
- Gjennomføre tilsyn på badeanlegg
- Følgje opp arbeidet i det etablerte nettverk for folkehelsekoordinatorar i samarbeidskommunane med mål om å styrke det langsiktige, strategiske folkehelsearbeidet.
- Hjelp med implementering av folkehelseutfordringar i kommunale planar.
- Tilby undervisning, rettleiing og tilsyn på alle fagområda.
- Gjennomføre leiarmøte i alle kommunane.